



## Årsmelding Kvam sau og geit 2021

### Styret

Svanhild Aksnes Botnen, leiar/skrivar  
Helen Hellestveit, nestleiar  
Alf Olav Fykse, kasserar  
Ove Føyn Røyrvik, styremedlem  
Harald Olav Fosso, styremedlem  
Trond Are Klyve, 1. Vara  
Brynjar Neteland, 2. vara

### Gjetarhundnemnd

Marianne Byrkjeland  
Dag Laupsa Borge  
Solveig Valland

### Valnemnd

Lars Norheim  
Trond Kaland  
Kjetil Berge

## Aktivitet gjennom året

### Årsmøte Kvam Sau og Geit 9. februar

I 2021 vart årsmøtet halde på Teams grunna smittesituasjonen, dette fungerte greitt. Etter årsmøtet hadde Soldalssmale eit kjekt innslag om gardens kjendisar; seminværen «Findus» og superstjerna i sosiale media «Kommi».

### Styremøte 15. februar

Saker: konstituert styret og diskutert planar framover (fagmøte på Teams med Inge Midtveit, rydding i vedtekter og bankkonto, innsending av opplysningar til NSG)

### Årsmøte Hordaland Sau og Geit 23. februar

HSG hadde årsmøte på Teams grunna covid-19. Svanhild og Helen representerte Kvam sau og geit her. Svanhild vart vald som 2.vara til styret i HSG for 1 år.

### Digitalt fagmøte 24. februar

Fagmøte om mineralforsyning hjå sau og lam ved vetmidtveit.no

### Styremøte 15. august

Saker: diskusjon om løysning for føring av rekneskap, planlegging av kåring, medlemmer med manglande betaling, fagmøte haust, saker til årsmøtet (diskusjon om tid for kåring på siderfest eller tidlegare, diskusjon om korleis laget skal løyse rekneskapsføringa) og fagmøte vår.

### **Teamsmøte med lokallaga i regi av HSG 1.september**

Helen deltok på dette møtet. Info om kåring m.m.

### **Kåring 2. oktober**

Kåringa vart halde i ridehallen på Børve. 12 sauehaldarar stilte dyr til kåring. 73 dyr vart stilt, av desse vart 16 vraka og 57 kåra. Har dessverre ikkje oversikt over rasefordelinga i år.

### **Leiarsamling HSG 29.-30. oktober**

Ingen frå styret fekk til å stille på denne samlinga.

### **Fagmøte på Fruktlageret 9. november**

Fagmøte om føring av sau ved Jenny Wright Johnsen frå Felleskjøpet Agri. Godt oppmøte.

### **Leiarmøte HSG 3.november**

HSG hadde elektronisk leiarmøte i haust. Helen Hellestveit representerte Kvam sau og geit på dette.

### **Styremøte på Teams 20. desember**

Saker: sendt svar til HSG på spørjeskjema om jordbruksforhandlingane, oppfølging av innsendt brev om sterilisering av vær, oppfølging rekneskapsføring, dato for årsmøte med faginnslag satt til 15.februar.

### **Aktivitet ellers**

Oppsummert har vi i 2021 arrangert årsmøte, 3 styremøter, 2 fagmøter og kåring.

Ut over dette har styret hatt kontakt per epost og telefon.

Ull-innsamling: I juni og desember har laget sendt ut melding og bidrege til Nortura sin innsamling. Har prøvd å få kontakt med Fatland både vår og haust utan å få informasjon om innsamling i tide til å annonsere dette.

Ny nettside: NSG gjekk i 2021 over på ny plattform for nettside. I overgangen ramla ein del artiklar for haust/vinter for laget vårt vekk, dette var varsla på førehand frå NSG. Vi har ikkje brukt tid på å legge ut gamle artiklar på nytt. Nytt medlemssystem og ny Min side kjem i 2022.

Gjetarhundnemnda har også dette året hatt svært god driv.

Per 31.12 var medlemstalet i laget 74 stk

-Styret-

## Årsmelding for gjetarhundnemnda i Kvam Sau og Geit 2021

Gjetarhundnemnda i 2021 har vore Solveig Valland, Dag Laupsa -Borge, Marianne Byrkjeland.

Nemnda har hatt eit møte, 12. oktober for å planleggja gjetarhundkonkurransen 7.november. Resten av aktivitetane har vorte organisert over telefon og internett.

### **Fellestreningar:**

Det har vore 16 fellestreningar der det har delteke frå 2 til 9 ekvipasjar.

Svanhild, Guttorm Inge, Solveig , Dag og Marianne har hatt ansvar for fellestreningane.

### **Gjetarhundkurs:**

3.-4. juli var det gjetarhundkurs hjå Solveig Valland med 8 deltakarar. Halvor Tenden var instruktør.

Marianne hadde kurs for 5 deltakarar over 5 kveldar i august.

7. november vart det halde gjetarhund konkurranse for kl 1,2 og 3 hjå Sigve Mo på Mo i Øystese. Stein Dalland var dommar. Det var til saman 27 deltakarar.

Me vil takka grunneigar for hald av område, Dag Laupsa-Borge for hald av sau, og all dugnadsgjeng som har stilt opp i førebuing, gjennomføring og etterarbeid med konkurransen.

Godkjende ekvipasjar dette året er Dag Laupsa- Borge med Leo i kl 1. Guttorm Inge Fykse med Mira i kl 2. Marianne Byrkjeland med Lui og Fia i kl 3.

Me takkar for eit godt og aktivt gjetarhundår.

-Gjetarhundnemnda-